

Blodig hand i hand

KRONIKK: Terrorgrupper og brutale regime forfølgjer etniske og religiøse minoriteter ved målretta og grove – også seksuelle – overgrep mot kvinner.



Johannes Morken
Redaktør, Stefansalliansen

For snart to år sidan døydde den 22 år gamle kurdiske kvinna Mahsa Amini i varetekt hos det iranske moralpolitiet. Tre dagar før den tragiske døden 16. september 2022 var ho blitt arrestert fordi ho hadde brukt hijaben «feil». Drapet utløyste landsomfattande demonstrasjonar. Ayatolla-styret slo til med hardhendt makt.

Den ferske FN-rapporten «Dei dehumaniserte oss» viser at Iran gjekk ekstra hardt fram mot etniske og religiøse minoritetar då tryggingstyrkane slo til mot «kvinne, liv, fridom»-rørsla som oppstod i desperat protest mot Mahsa Aminis tragiske død.

Tortur og mishandling

Konklusjonen i rapporten er også at grove overgrep på grunn av kjønn gjekk hand i hand med anna forfølgjing. Tryggingstyrkane stod for massearrestasjonar og internering av medlemmer av etniske og religiøse minoritetar. Tortur, mishandling, valdtektar og andre kjønnsbaserte overgrep ramma menneske som støtta protestane. Folk har døydd i fengsel. Menneske er avretta utan lov og dom.

Menneske frå etniske og religiøse minoritetar vart møtte med alvorlege skuldingar om at dei utgjorde trugsmål mot nasjonal tryggleik då dei stod opp for kvinnene i Iran.

Aller verst gjekk det ut over kurdarane og balutsjar-minoriteten. Kristne menneskerettsorganisasjonar har dokumentert at også forfølgjinga av kristne konvertittar blei skjerpa då regimet slo ned demonstrasjonane. Minst fem konvertittar som blei arresterte fordi dei deltok i demonstrasjonane, vart også skulda frå apostasi – fråfall frå islam – då trua deira vart kjent for dei som avhørte dei og ransaka innhaldet i telefonane deira.

Traumatiserte barn

Den ferske FN-rapporten dokumenterer også at barn i forfølgde etniske og religiøse minoritetar i Iran opplevde grove rettsbrot. Det er ikkje råd å overdriva dei dramatiske følgjene for dei forfølgde minoritetssamfunna i Iran, skriv FN-gruppa. Familiar slit med øydeleggjande verknader av brutaliteten. Familiemedlemmer er døde, andre har flykta utanlands eller er drivne på flukt i sitt eige

land. Somme vart skadde i møte med tryggingstyrkane, kvinner er utsette for kropplege og seksuelle overgrep. Barna må slita med følgjene av brutaliteten gjennom generasjonar, slår FN-rapporten fast.

Dette er den blodige og brutale røyndommen i ayatolla-regimet.

Svartkledd kamp mot kvinner

Då Taliban overtok i Afghanistan i august 2021, flykta mange, også medlemmer av religiøse minoritetar. Jernneven er brukt mot mange som ikkje kom seg unna. Stikk i strid med det Taliban lova, er kvinner sende på hovudet ut av store delar av arbeidslivet og skuleverket over 6. klasse.

I politisert form er sunni-islam og sjia-islam i krig med kvarandre. Men sunni-muslimske Taliban i Afghanistan og sjia-muslimske ayatollaer i Iran er på mange felt likevel to alen av same fanatiske stykke. Valdsbruk og undertrykking av kvinner skjer i strid med internasjonale standardar som verken Taliban eller ayatollaene bryr seg om. Dei grunngevd valdsbruk og forfølgjing av kvinner med ei fanatisk tolking av kvar si religiøse lov. På same grunnlag forfølgjer dei religiøse minoritetar og folk som ikkje trur.

Den 22. august er den årlege FN-dagen for å minnast menneske som blir utsette for vald på grunn av tru eller livssyn. Det er all grunn til å løfta fram Mahsa Amini og dei mange andre offera for valdsbruk i Iran og Afghanistan. Dette er dagen for også å minnast dei 2700 jesidi-kvinnene som ikkje er komne heim etter at dei vart bortførte til brutalt sex-slaveri då IS for ti år sidan, 3. august 2014, starta forsøket på å utrydda jesidiane – folke-mordet i Sinjar i Irak.

I Kinas forfølgjing av uigurane i Xinjiang-provinsen blir kvinner utsette for tvangssterilisering og tvangsabort.

Kidnappar skulejenter

Terrorgrupper i Nigeria går ofte målretta mot jenter og kvinner når dei terroriserer kristne samfunn. Framleis er kring 100 av dei 276 skulejentene (dei fleste kristne) som blei bortførte av den islamistiske gruppa Boko Haram i Chibok i Bornostaten i april 2014, ikkje komne seg fri.

Ulike islamistiske grupper i Nigeria har seinare trappa opp kidnapping av skulejenter, mange av dei kristne. Den amerikanske kommisjonen for internasjonal trusfridom (USCIRF) slår i ein fersk rapport i ein fersk rapport alarm. Leah Sharibu, som er blitt eit symbol for bortførte kristne skulejenter i Nigeria, har vore gissel hos ei islamistisk gruppe sidan februar 2018. Kidnapparane erklærte henne tidleg som «slave for livet».

Grove, gjerne seksuelle, overgrep mot kvinner er eit grufullt middel når brutale regime og terrorgrupper vil bryta ned etniske og religiøse minoritetar. Skamfylte overgrep mot jenter og kvinner rammar minoritetssamfunna der dei er mest sårbare.

Overgrep mot kvinner har lenge vore neglisjerte.



Debatten om badstuen bør handle om andre ting enn å verne fuglelivet. Den kampen tapte fuglelivet for lenge siden.

📷 PÅL CHRISTENSEN

Fugletragedien har allerede skjedd

Yngvar Bokn Johnsen
Stavanger

FUGLELIV: En badstue fra eller til betyr nok lite for de fuglene som ennå er igjen i Boganes-området.

Så er det igjen liv i debatten, og konflikten, om allmennhetens bruk av områdene Hinnavågen, Boganesvika og Gauselvågen.

Hvor skadelig virkningen er på fuglelivet har vært diskutert og utredet i flere tiår. Samtidig har hele dette store området blitt forvandlet til et av byens mest utbygde områder. Fuglelivet er katastrofalt redusert i forhold til det var på 60-tallet, før oljealderen.

Hvis en ser på hele området på Google Maps blir det ekstra tydelig at de menneskelige inngrepene har endret hele området. Det som den gang kunne kalles et nesten sammenhengende våtmarksområde er nå blitt en tettbebygd bydel.

Om en zoomer inn på området der en sauna nå er plassert, ser en at et lite stykke fra denne ligger en stor småbåthavn med flere hundre båter. Oversiktsbilde viser tydelig at Hinnavågen, som en gang var en yndet rasteplass for vadefugler, nå er et enormt anleggskrater. Resten av dette området er så bebygd at hele naturen er forandret.

I saken om den lille saunaen på Boganes trekkes det fram rapporter som er utarbeidet for 16 år siden. Da ble det advart om at utbygging av stier og bade-plasser og andre inngrep kunne ha negativ innvirkning på det lille fuglelivet som fremdeles var igjen. Veldig mye har skjedd siden den gang. Men selv da ble det understreket at det er høst og vinter at området har mest besøk av «vannfugler». Og det var mest fokus på holmene som ligger litt lenger ute, som da hadde en bestand av hekkende måker og terner.

For en hobbyornitolog er historien om dette området en eneste lang tragedie. Slike nedbygginger av hekke- og rasteplasser som blir ødelagt av bebyggelse finnes dessverre over hele landet. Byene vokser og slike verneverdige områder taper som regel i kampen om nye utbyggingsarealer.

Derfor blir den heftige debatten om en liten sauna i sjøkanten på Boganes, og andre steder i området, vanskelig å ta helt alvorlig. Den bør i alle fall handle om andre ting enn å verne fuglelivet. Den kampen tapte fuglelivet for lenge siden.

Å reise med buss mellom ulike soner koster skjorta

Kenneth Frost Lie
Klepp

BUSS: Å reise kollektivt er dyrt. Derfor ønsker jeg meg felles takstsoner over hele Jæren, fra nord til sør.

Politisk redaktør:
Harald Birkevold
Debattleder:
Torgeir Vølstad

Tlf. 05150
Epost: [debatt@
aftenbladet.no](mailto:debatt@aftenbladet.no),
[kronikk@
aftenbladet.no](mailto:kronikk@
aftenbladet.no)

Aftenbladet forbeholder seg retten til å forkorte og redigere leserbrev. De blir redigert etter Vær Varsom-plakatens regler om saklighet og anstendig form og kan bli publisert i alle Aftenbladets mediekkanaler. Skriv kort. E-post: [debatt@
aftenbladet.no](mailto:debatt@aftenbladet.no)
Postadresse:
Aftenbladets debattside, postboks 229, 4001 Stavanger.

Debattinnlegg
sendes til [debatt@
aftenbladet.no](mailto:debatt@
aftenbladet.no)
Hovedinnlegg:
ca. 1500-3500 tegn.
Kortinnlegg:
400-1500 tegn.
Alle lengder er inkludert ordmellomrom.

Kronikk
sendes til [kronikk@
aftenbladet.no](mailto:kronikk@
aftenbladet.no)
Lengde inntil 5000 tegn inkl. ordmellomrom. Foto av forfatter legges ved.



Mahsa Amini sin død i varetekt i Iran i 2022 vekte stor oppsikt verda over. Sidan har forfølginga av kvinner og minoritetar halde fram i Iran, Afghanistan, Kina og Nigeria.

📷 REUTERS/NTB